



## RETNINGSLINER FOR TILSKOT TIL ETABLERAROPPLÆRING I HORDALAND 2011

Som ein del av arbeidet med å stimulere til auke i talet på nyetablerte verksemdar, gjennomfører den regionale partnerskapen ulike tiltak, blant anna etableraropplæring. Etableraropplæringa er ein del av basisopplæringa av etablerarar i Hordaland. Det er Hordaland fylkeskommune som er ansvarleg for etableraropplæringa, men det er regionråda som gjennomfører sjølve kursa i etableraropplæringa.

Føremålet med etablerarkursa er å gjere det enkelt tilgjengeleg for etablerarane å auke sin kompetanse om det å etablere og drive bedrift. Målgruppa for tilskotet er personar som vurderer å etablere eiga bedrift, er i ferd med å etablere eller vidareutvikle eiga bedrift. Målet er å få kunnskapsrike etablerarar som startar opp lønsame bedrifter. Dette betyr at målet ikkje er å kun få opp talet på etableringar i Hordaland.

Fylkeskommunen oppmodar regionråda til å samarbeide om sine tilbod. Dette betyr til dømes å koordinere sine kurs med andre regionar, dele erfaringar, kunnskap og kompetanse.

Det er ein føresetnad at kommunane og regionane samarbeider godt når det gjeld etableraropplæring. Dette er òg noko kommunane har bunde seg til når dei har signert samarbeidsavtalen i kommuneprosjektet.

Det er lagt opp til to nivå i etableraropplæringa; først eit etablerarkurs som skal fungere som eit grunnkurs, så temakurs retta mot ulike behov. Tanken er at ein kan ta grunnkurset før eventuelle temakurs, men dette vil vere avhengig av den enkelte etablerar sitt behov og kunnskapsnivå.

Det er store regionale skilnader på kva som fungerer i den enkelte region, og det er opp til regionråda sjølv å vurdere behova i sin region mht tema, lengde på kurs osv.

Retningslinjene gjeld frå og med 2011.

### **Etablerarkurs/grunnkurs**

Formål:

Dette skal vere eit grunnkurs for etablerarar som skal vere lett tilgjengeleg for etablerarane og av kort varigheit. Det har som føremål å auke bevisstgjeringa rundt etablering av eiga bedrift, skape større forståing for kritiske element, og få eit grunnlag for å vurdere etablering av eiga verksemd. Kurset skal leggje eit grunnlag for at deltakarane skal kunne lage sin eigen forretningsplan.

Tilskotsordninga:

Tilskot til kurs blir gjeve pr. deltakar, og det blir ytt tilskot på inntil kr. 1.600,- for kvar deltakar. Tilskotet kan ikkje utgjere meir enn 50 % av dei totale kostnadane, og kursdeltakarane skal betale ein eigenandel. Eit kurs bør ikkje ha meir enn 30 deltakarar.

#### **Innhald:**

Kurset må ha minst 12 undervisingstimar og minst ta opp følgjande tema:

1. Personlege føresetnader (utdanning, arbeidserfaring, livssituasjon no og framover)
2. Forretningsideen
3. Produktet/tenesta
4. Marknaden – kven er mine kundar og konkurrentar. Marknadsundersøking
5. Marknadsføring og salsaktivitetar
6. Økonomi (driftsbudsjett, likviditetsbudsjett, kapitalbehov, finansiering)
7. Organisering og administrering (lokalisering, selskapsform, nettverk, kven kan hjelpe med kva)
8. Evaluering av kurset

#### **Temakurs**

##### **Formål:**

Kursa skal gje målretta, oppdatert og fagleg god kunnskap om tema som er aktuelle for etablerarane. Kursa skal vere lett tilgjengeleg for etablerarar og av kort varigheit. Det er meininga at kursa skal vare over ein dag eller ein/få kveldar.

##### **Tilskotsordinga:**

Tilskot til kurs blir gjeve pr. deltakar, og det blir ytt tilskot på inntil kr. 900,- for kvar deltakar. Tilskotet kan ikkje utgjere meir enn 50 % av dei totale kostnadane, og kursdeltakarane skal betale ein eigenandel. Eit kurs bør ikkje ha meir enn 30 deltakarar.

##### **Innhald:**

Kursa skal ha minst 3 - 7 undervisingstimar. Døme på aktuelle kurs kan vere:

Kurs i marknadsføringsanalyse. Gjennomgang av ulike analyseverktøy, samt hjelp til å gjennomføre analysen knytt opp mot si bedrift.

Kurs om marknadsføring og salsaktivitetar der ein får praktisk innsikt salsprosessen frå forretningside, ulike marknadskanalar, planlegging og førebuing av salsaktivitetar, og oppfølging av kundar.

Økonomi - kurs i kva ansvar ein har som næringsdrivande med omsyn til rekneskap, skatt, meirverdiavgift, reglar knytt til å ha tilsette osv.

Kurs i bedriftsøkonomi/analyse. Tolking av rekneskapsdata og utviklingstrekk som grunnlag for betre økonomistyring. Til dømes kurset ”Økonomi Illustrator – økonomi for ikkje-økonomar.”

Kurs som har samanheng med lokale/regionale eller bransjetilpassa satsingsområde.

Oppfølgingskurs av tidlegare kursdeltakarar.

#### **Generelle krav**

I marknadsføringa skal det gå fram at Hordaland fylkeskommune er med og finansierer kurset. I tillegg må logoen til nettportalen kom-an.no vere synleg.

Alle etablerarkursa vert marknadsført på kom-an.no. Ein planlegg òg felles marknadsføring av etablerarkursa i media. Det er difor ynskjeleg at regionråda kontinuerleg oppdaterer endringar i etablerarkursa på kom-an.no.

Kursansvarleg skal vere ansvarleg for å gjennomføre, samt vere til stade på dei ulike kursa. For å sikre eit fagleg høgt nivå, oppdatert informasjon og tilrettelagt undervisning på kursa, kan kursansvarleg trekkje inn eksterne lærekrefter, helst lokale, på ulike fagområde. Det er viktig å presisere at ein har stort fokus på å sikre at den etableraropplæringa som vert tilbydd er av god kvalitet, samt er retta inn mot behova til målgruppa. Det er ynskjeleg at regionråda underviser sjølv.

Det vert oppmoda om at regionråda aktivt nyttar kommunane si førstelinje og dei regionale teama av etablerarretteleiarar som er oppretta, i marknadsføringa av etablerarkursa.

Regionråda vert oppmoda til å legge opp kursa på ein slik måte at ein kan skape nettverk mellom etablerarane.

Etablerarar som tek kurs skal prioriterast når det gjeld å få vidare oppfølging og rettleiing.

### **Marknadsføringsstøtte**

Sidan det er fleire og mindre kurs ein skal arrangere, kan dette føre til eit behov for å marknadsføre ofte.

Kvart regionråd som planlegg å arrangere etablerarkurs vil difor få ei marknadsføringsstøtte på kr 20.000 pr år. Dette er ikkje knytt til kor mange kurs ein greier å gjennomføre, men er ei flat årleg støtte til dei regionråda som arrangerar kurs.

Dersom det er behov for meir midlar til marknadsføring, vil det vere mogeleg å ta dette gjennom dei ordinære tilskota.

Det vert i tillegg gitt ei flat støtte på inntil kr 5.000 pr avis pr år som regionrådet definerer er innan sin region. Dette må spesifiserast i søknaden og avklarast med fylkeskommunen.

### **Handsaming av søknader om tilskot:**

Det er lagt opp til tett og god kontakt mellom fylkeskommunen og regionråda, gjerne pr e-post og telefon. Søknadene vert handsama fortløpande. Det er mogeleg å søke om tilskot fleire gongar i løpet av året.

Søknadane skal innehalde følgjande opplysningar:

- Kursansvarleg og organisering
- Kurstype og tal på undervisningstimar
- Forventa tal på deltakarar
- Dato for kursa
- Innhald
- Informasjon om kurshaldar sin kompetanse
- Budsjet og finansieringsplan

Dersom det ikkje er nok deltakarar til eit kurs, eller kurs av andre omsyn ikkje blir avvikla i kommunen/regionen, skal Hordaland fylkeskommune underrettast. Interesserte deltakarar skal bli orienterte om, og oppmoda til, å følgje tilsvarande opplæringstilbod andre stadar i

Hordaland. Det er ynskjeleg for alle partar med eit fleksibelt system tilpassa behova til etablerarane.

**Handsaming av søknader om utbetaling:**

Søknad om utbetaling av tilskot skal sendast etter at kursa er avslutta. Søknaden skal innehalde:

- organisasjonsnummer
- bankkontonummer
- rekneskap, inkludert kostnader knytt til marknadsføring og talet på aviser
- kort rapport om kurset og informasjon om dei som faktisk deltok på kursa; talet (totalt og unike deltakarar), namn, alder og informasjon om type bedrift

Søknadane om utbetaling vert handsama fortløpande. Om ikkje kurset er gjennomført i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, vil tilskotet bli tilsvarande avkorta.

**MERK: Siste frist for søknad om utbetaling er 15. desember i tilsegsåret.**

**Søknader sendast til:**

Hordaland fylkeskommune,  
Regionalavdelinga v/Torill Monstad  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

**Tilskot til kurs kan søkjast av følgjande regionråd:**

- Regionrådet for Nordhordland og Gulen
- Hardangerrådet
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland
- Bjørnefjorden Næringsutvikling
- Osterfjorden Nærings samarbeid
- Aurland, Vik, Voss samarbeidsråd
- Business Region Bergen (BRB) – Bergen, Askøy, Sund, Fjell, Øygarden, Os

Oppdatert pr 24.01.11.